



ØRSTA KOMMUNE

Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse

Delprosjekt Ørsta sentrum



Innhald

Innleiing.....	3
Tre delprosjekt.....	4
Vikeparken.....	4
Bakgrunn.....	4
Gjennomføring og resultat.....	5
Favorittstadar i Ørsta sentrum og framlegg til aktivitetar i Vikegata og Haldeplassen.....	6
Bakgrunn.....	6
Gjennomføring og resultat.....	6
Barn og unges bruk av Ørsta sentrum.....	7
Bakgrunn.....	7
Hovudkonklusjonar.....	7
Frå data til kunnskap	8
Mønster i materialet	8
Kva har vi ikkje fått svar på?.....	9
Korleis kan vi forstå resultata?	9

Innleiing

Ørsta kommune deltek i prosjektet *Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelseⁱ* i regi av Helsedirektoratet, og med Møre og Romsdal fylkeskommune som regional prosjektleiar med ansvar for dei 6 deltakarkommunane i Møre og Romsdal. Som deltar i prosjektet har Ørsta kommune valt å sette søkelys på involvering av barn og unge i pågåande plan- og utviklingsprosessar i kommunen.

Denne rapporten omhandlar tre medverknadsprosjekt om barn og unge sin bruk av Ørsta sentrum. Eit prosjekt gjeld vidareutvikling av Vikeparken i Ørsta sentrum. Eit anna prosjektet omhandlar favorittstadar til barn og unge i Ørsta sentrum, og framlegg til aktivitetar i Vikegata og Haldeplassen. Desse to prosjekta er ikkje presentert i rapportform tidlegare og resultata er derfor samanstilt her. Det tredje prosjektet gjeld barn og unge sin bruk av urbane sentrumsområde i Ørsta. Medverknadsopplegg og funn frå denne kartlegginga ligg føre i eigen rapportⁱⁱ og berre hovudkonklusjonane er gitt att her. Resultat og funn frå alle tre medverknadsprosjekta er i denne rapporten vurdert med siktemål å trekke ut kunnskap om faktorar som fremjar trivsel og folkehelse blant barn og unge. Dette i tråd med måla i Nærmiljøprosjektet.


Målgruppa for denne rapporten er Ørsta kommune som lokal prosjekteigar. Kunnskap og erfaringar som kjem fram vil ligge til grunn for ei samla evaluering av alle dei seks delprosjekta Ørsta kommune har gjennomført som deltar i Nærmiljøprosjektet. Kunnskap om faktorar som fremjar folkehelse og trivsel blant barn og unge i Ørsta kommune vil kunne nyttast i framtidige plan- og utviklingsarbeid lokalt i kommunen. Ei målsetting for Helsedirektoratet er at den lokale kunnskapen skal ha overføringsverdi til andre kommunar og inngå i ein nasjonal ressursbank.

Tre delprosjekt

Vikeparken

Bakgrunn


I samband med Ørsta kommune sitt Tettstadprosjekt og som grunnlag for utviklingsplan for sentrum og ny reguleringsplan, ønska ein gjennom eit eige forprosjekt å få fram gode idear for vidareutvikling av Vikeparken og kostnader ved oppgradering. I samband med dette forprosjektet vart det i regi av Nærmiljøprosjektet gjennomført medverknadsprosessar som involverte sentrumsbarnehagen Barnas Vel, Velle skule (5. – 7. klasse), og Ørsta ungdomsskule (8. – 10. klasse). Barn og unge i alderen 4 – 16 år har såleis levert innspel til forprosjekten. Bakrunnen for å involvere barn og unge var at vi ønska informasjon om kva som var viktig for denne aldersgruppa for at dei skulle nytte parken. Det var også eit poeng å aktivt involvere barna i barnehagen og småskulen. Denne aldersgruppa vert vanlegvis ikkje hørt i plan- og utviklingsprosessar. Medverknadsprosessane vart gjennomførte hausten 2015.



Vikeparken ligg i Ørsta sentrum i tilknyting til gang- og sykkelvegar med samband til skular og bustadområde. Parken er dominert av store flater og er i liten grad tilrettelagd for aktivitetar.


Gjennomføring og resultat

Barnas Vel barnehage, 4 - 6 år




Nærmiljøprosjektet ved folkehelsekoordinator orienterte tilsette/leiar ved barnehagen om oppdraget til barna - å teikne sin draumeleikepark som innspel til forprosjektet. I regi av barnehagen drog dei eldste barna (4-6 år) i barnehagen først på synfaring til Vikeparken. Deretter teikna dei draumeleikeparkane sine. Vi fekk inn 13 teikningar. Desse viser at for førskulebarna er mangfald i aktivitetar viktig, og kombinasjon av roleg og fartsfylt leik. Døme på aktivitetar; Karusell, trampoline, reiestativ, silebane, leikehytte, sjørøvarkute, sandkasse. Vakre omgjevnadar er også viktig med til dømes fontene, statue, blomar og grønt gras.

Velle skule, 5. - 7. klasse



Skulen fekk brev frå Nærmiljøprosjektet ved folkehelsekoordinator med oppdrag til elevane - å teikne eller skrive om sin draumeleikepark. Elevane arbeidde med oppdraget på skulen, med rettleiing frå lærarar. Vi fekk inn teikningar, foto og lister med framlegg til aktivitetar. Desse viser at for barna i denne aldersgruppa er også mangfald av aktivitetar viktig og at aktivitetane er tilpassa deira aldersgruppe. Mange er også opptatt av benkar og møteplassar, og at området skal ha ein kiosk eller liknande. Døme på aktivitetar: Skatebane, zipline, ballaktivitetar, basseng, treningsapparat, klatrevegg

Ørsta ungdomsskule 8. – 10. klasse



Skulen vart kontakta (telefon) av Nærmiljøprosjektet ved folkehelsekoordinator med oppdrag til elevane - å teikne eller skrive om sin draumeleikepark. På skulen fekk tre elevar, ein frå kvart klassetrinn, i oppgåve å innhente informasjon frå sine medelevarar. Vi fekk inn lister med framlegg til aktivitetar. Innspela frå Ørsta ungdomsskule er mykje likt som for Velle skule, men dei nemner i tillegg Tuftepark, musikkopplegg, grillplass der ein kan samlast, og toalett.

Favorittstadar i Ørsta sentrum og framlegg til aktivitetar i Vikegata og Haldeplassen

Bakgrunn

I samband med utviklingsplanen for Ørsta sentrum samarbeida Nærmiljøprosjektet med arkitektkontoret Felt, som er dei som utarbeider planen. Vi ønska å kartlegge barn og unge sine favorittstadar i Ørsta sentrum og få framlegg til aktivitetar og tiltak i Vikegata og Haldeplassen. Bakgrunnen var at vi ønska meir informasjon om aktivitetar som fremjar trivsel for denne aldersgruppa, og som kunne føre til at barn og unge i større grad tok i bruk desse stadane. Medverknadsprosessane involverte elever frå 4. – 7. klasse ved Velle skule og Vikemarka skule. Resultat frå kartlegginga er innarbeida i utviklingsplanen. Kartleggingsarbeidet vart gjennomført våren 2016.

Kartleggingsarbeidet vart gjennomført våren 2016.

Gjennomføring og resultat

Velle skule og Vikemarka skule, 4. - 7. klasse

Til å gjennomføre opplegget utarbeide vi eit enkelt kartleggingsskjema. På eine sida av arket var eit ortofoto av Ørsta sentrum der elevane skulle merke av sine favorittstadar og om det var stadar dei sakna noko. På baksida var det plass til å skrive framlegg til aktivitetar i Vikegata og på Haldeplassen.



Kvar er favorittstadna din i Ørsta sentrum?

1. Ålesund
2. Ålesund
- (enten på sør eller nord)

Vha saker du likte?

1. Nærhet til sjøen, med sommerhus og strand
2. Nærhet til buss og skole
- Nærhet til butikker og handverk

Vha kunne du tenke deg av aktivitetar?

1. Vilegata
2. Kafe med utsikt til fjorden
- Et stål oppslagsbutikk der du kan kjøpe mat og drikke
- Butikk med anna vare
- Butikk med salgsstasjon

Kva melder du var bero på Hafdeplassen for at du skal oppholde deg der?

1. Varmt, helstakk, sollys, ellers anna (merket med et visst punktet)

Påta Steinnes, Andreas S viker valne,
Emilie Berg Myklebust og
Hanna Mark Rogne

Detaljer om Os

Detaljer om Os

Baileys hatt
Bomfi
Lekkerkjempen barnas dag
og matene

Tunet
Natur
Vann
Blaa plagg og
sko
Mønster
Kjell Kassel, Peter
Kongepalme
Marskstokken

1. Bakkabu, Stiglet, Krang
2. Løke.

Lyllebø bryggen.
Dokken har
fiskeriet med
fiskestokk, fisk og
grønnsaker
PS: UN SGRILL
ILLSTREDET DØR!
Musikum med
froke og haukum

Kva er färra till stadt / vikar den	
① Amfi	
Kiwihallen	
Ridehallen	
Handball	
Härneparken	
Vikemarken	
Barnhagen (Fartnummer)	
Butikkar	
Heime	
Statoil	
Kulturburk	


På Velle skule oppretta folkehelsekoordinator kontakt med læraren for elevrådet. Læraren orienterte vidare elevråda som tok det vidare til sine respektive klasser. Elevane gjennomførte kartlegging og svara på spørsmål. Det vart altså ikkje gjennomført noko form for dialog mellom Nærmiljøprosjektet og elevane.

På Vikemarka skule vart det gjennomført ein tilsvarende opplegg, men her deltok folkehelsekoordinator sjølv i møte med

elevrådet og orienterte. I etterkant av registreringa overleverte tre elevar frå skulen og folkehelsekoordinator resultata til arkitektane frå Felt, og det var her lagt opp til ein dialog mellom elevane og arkitektane om korleis ein kunne forstå innspela.

Elevane sine klare favorittstadar i sentrum er Amfi og Kiwhallen. Aktivitetar og tiltak barn og unge saknar i Ørsta sentrum er i hovudsak knytt til leik og uorganisert aktivitet og det å vere i aktivitet, men også parkar og møtestadar. Døme på aktivitetar: Badeland, leikeland og skatepark er dei som oftast vert trekt fram, men fleire nemner også bowling og motorcrossbane. Døme på møtestadar: Museum og bibliotek, kiosk og familierestaurantar. Framlegg til aktivitetar i Vikegata og Haldeplassen er mykje dei same som over, knytt til uorganiserte aktivitetar og sosiale møtestadar. Det er verdt å merke seg at eit innslag i Ørsta sentrum fleire elevar er opptatt å bevare er julegrana på Haldeplassen.

Barn og unges bruk av Ørsta sentrum




Bakgrunn

Etter oppdrag frå Ørsta kommune ved Nærmiljøprosjektet kartla Cititek 1) skulevegar og utfordringar knytt til trafikkbiletet ved Velle skule, og 2) barn og unge sine rørslemønster (mobilitet) i Ørsta sentrum. Fokusområda for kartlegging var høvesvis skuleområdet på Velle, og Vikeparken, Vitagata (gågate) og Haldeplassen. Bakgrunnen for kartlegginga var at vi ønska meir informasjon om barn og unge sin bruk av Ørsta sentrum som innspel til utviklingsplanen for Ørsta sentrum og til kommunal trafikktryggingsplan. Kartlegginga vart gjennomført i juni 2016.

Hovudkonklusjonar

Kartlegging i høve skulevegar viser at mange barn og unge opplever området ved Velle skule som kaotisk og utrygg, og sju andre område i Ørsta sentrum som utrygge eller ubehagelege, jf. kart.



Kartlegging i høve barn og unge sin bruk av Ørsta sentrum viser at det var generelt få barn i sentrum på undersøkingstidspunktet (ein laurdag i juni), og at dei fleste av desse var i følgje med vaksne. Av eit utval på 241 var 84 barn og unge (under 19 år). Av sentrum si «brukargruppe» denne dagen var ca. 35 % barn og unge, resten vaksne. Aldersgruppa som i minst grad brukar sentrum er ungdom i alderen 15-19 år.

For dei tre fokusområda der kartlegging vart gjennomført var det flest barn og unge i Vikegata (41 stykk), deretter kom Haldeplassen (25 stykk) og til sist Vikeparken (18 stykk).

Tid brukt i eit sentrum kan seie noko om kor gode kvalitetar staden har. Kartlegginga i Ørsta viser at både vaksne og barn og unge brukar lite tid i sentrum. Fleirtalet av dei observerte nyttar under 5 minutt i Vikegata og på Haldeplassen. Unnataket er Vikeparken der brukar fleirtalet over 10 minutt. Cititek forklarer dette med at Haldeplassen i dag kan opplevast som lite menneskevenleg og attraktivt og at folk derfor vel å bruke minimalt med tid der.

Vikeparken er tilrettelagt for ulike aktivitetar og er utan trafikk, noko som bidreg til å trekke til seg folk. Vikegata har fleire sitteplassar og ei grøn lunge, men fleirtalet av barn og unge brukar likevel under 5 minutt her. Ei forklaring kan vere at barn og unge har avgrensa økonomi til å nytte seg av butikkane og handelstilboda der og at dei derfor ikkje prioriterer å bruke tid der.

Rørslemønstra til barn og unge viser at dei flyttar seg direkte til den spesifikke staden dei skal til, og at dei i liten grad beveger seg tilfeldig rundt i sentrum. Ei forklaring på desse direkte rørslemønstra kan vere at sentrum ikkje har tilbod for barn og unge og at det derfor ikkje er noko å oppsøke.

Råd for framtida er å legge til rette for fleire tilbod for barn og unge i Ørsta sentrum og særleg gruppa 15-19 år.

- Legge til rette for spontan og planlagt sosialisering
- Legge til rette for ulike typar kulturelle arrangement og kulturelle uttrykk
- Legge til rette for meir fysisk aktivitet i sentrum
- Legge til rette for auka mobilitet mellom dei ulike delane av sentrum

Frå data til kunnskap

Mønster i materialet

Eit tydeleg mønster frå medverknadsprosessane er at trafikksituasjonen ved skulane på Velle er uttrygg og opplevast som utrygg av barn og deira foreldre. Eit anna tydeleg mønster er at favorittstadane til barn og unge i sentrum i dag er Amfi og Kiwhallen.

Vidare viser innspela at mange barn og unge er opptatt av at sentrum skal tilby ulike typar leikeapparat og aktivitetar, og kiosk og familierestaurantar. Likeeins er mange opptatt av at ein i sentrum skal finne benkar og sitteplassar, og at der skal vere pynta med til dømes blomar og statuar.

Nokre ting i materialet er meir overraskande, som at førskulebarna tenkte heilskapleg om utforming av Vikeparken i høve aktivitetar og estetikk, og at kulturtilbod i form av museum og bibliotek er aktivitetar barn og unge ønskjer seg meir av i sentrum. Ei anna overrasking er funnet frå kartlegginga til Cititek, om at barn og unge i liten grad brukar og oppheld seg Ørsta sentrum.

Kva har vi ikkje fått svar på?

Vi har ikkje fått svar på kvifor desse barna ønskjer desse aktivitetane. Informasjonen gjenspeglar først og fremst ønskjer frå barna. I prosessen vert dette ikkje følgt opp med spørsmål om kvifor dei ønskjer dette og kva det er ved desse aktivitetane som gir trivsel/livskvalitet.

Korleis kan vi forstå resultata?

Det at Amfi er ein klar favorittstad for barn og unge i sentrum, i kombinasjon med at fyldige ønskelister over aktivitetar og leikeapparat dei saknar, forstår vi som eit uttrykk for at Ørsta sentrum er for lite tilrettelagt for fysisk uorganisert aktivitet og med for få uformelle sosiale møtestadar. Dette forstår vi slik:

- Tilrettelegging for fysisk uorganisert aktivitet fremjar trivsel blant barn og unge
- Tilrettelegging for uformelle sosiale møtestadar fremjar trivsel blant barn og unge
- Trivelege omgjevnader med blomar, grøntareal og vasskvalitetar mv. fremjar trivsel blant barn og unge

Infrastruktur for aktiv transport for gåande og syklande er mange stadar uthygg og/eller dårlig i Ørsta sentrum. Dette forstår vi slik:

- Trygg og funksjonell infrastruktur for gåande og syklande fremjar trivsel blant barn og unge

ⁱ Nærmiljøprosjektet: <https://helsedirektoratet.no/tilskudd/kartlegging-og-utviklingsarbeid-om-nermiljo-og-lokalsamfunn-som-fremmer-folkehelse>

ⁱⁱ Cititek. Barn og unges bruk av Ørsta sentrum: <https://drive.google.com/file/d/0B-U-jkXsD5C5RIU4NXY5d05ZSms/view>